

REFERAT

Møtedato:	16. oktober 2018
Desse møtte:	Anita S. Nord, Britt Åse Høyeseveen, Anne Grethe Kolobekken, Ingebjørg Teigmoen Bergum, Siv Magnhild Myrsveen, Britt Karin Haverstad, Randi Tvedten, Arjen Kuiper
Forfall:	Randi Espe Åberg, Ingeborg Nordli
Stad:	Sør-Fron kommune, møterom Familie og mestring
Tidsrom:	12.00 - 14.00

Referat frå møte i prosjektgruppa – Felles flyktingeteneste

1. Gjennomgang av referat frå møte i prosjektgruppa 28.08.18.

Referatet vart gjennomgått og godkjent.

Anita ga følgjande attendemeldingar:

- Det er bestemt at Marte Torgersen blir fagkoordinator i den nye tenesta.
- Felles flyktingeteneste skal nytte fagprogrammet Visma flykting. Programmet er godkjent i forhold til elektronisk lagring. Det går ikkje an å overføre dokumentasjon som ligg i Socio – må gjerast manuelt.
- Prosjektplan og liste over kva som er bestemt er under arbeid
- Det skal sendast ut felles informasjon (brukarar, presse, innbyggjarar) frå dei nye tenestene
- Anita har lagt inn ønskje om leasingbil i sitt forslag til budsjett – skal behandlast i repskapet for dei interkommunale ordningane 24.10.18.
- Søknad om tilskot til svømme opplæring er sendt OFK –ikkje fått svar enda.
- Medarbeidarane i flyktingetenesta skal i det vesentlege vera ajour med ferie/avspasering til 01.01.19 – unntak kan gjerast.
- MGF fekk midlar til kick-off. Midla er brukt på «lunch til lunch-samling» på Savalen for alle medarbeidarane. 😊 😊
- Den enkelte medarbeidar skal ikkje ta med kontormøblar, unntaket gjeld tilpassa utstyr (f.eks stolar).
- Arbeidstida vil følgje Sør-Fron kommune sine reglar – 08.00-15.30, med fleksitid og kjernetid. Det skal ikkje vera nokon døgnbemanna arbeidstelefon. Det er også forventa at medarbeidarane kan stille opp utover dette ved spesielle tilfeller (henting flyplass, familieigjenforening, osv.). Medarbeidarane vil ha jobbtelefon i arbeidstida, telefonen skal berre untaksvis nyttast etter 15.30.

2. Gjennomgang av referat fra styringsgruppemøtet 19.09.18

- Anita deltok på styringsgruppemøtet orienterte om status for felles flyktingeteneste.
- Samarbeidsavtale mellom kommunane er utarbeidd og godkjent.
- Det er bestemt at tenesta skal heite Midt-Gudbrandsdal flyktingeteneste (MGF).
- Referatet vart gjennomgått – referatet er ikkje endeleg godkjent (og er derfor heller ikkje sendt ut).

3. Status felles flyktingeteneste

- Mange avklaringar er gjort etter siste møte – sjå under sak 1.
- MGF vil ved oppstarten ha 4,6 årsverk, på sikt skal det reduserast til 3,4 – stilling som tenesteleder utgjør 0,2 årsverk.
- Marte er i svangerskapspermisjon, det er ikkje avklart kven som skal ta Marte sine oppgåver inntil ho kjem attende. Anita ønskjer at det blir tilsett vikar, dette blir eit budsjettspørsmål.
- Det blir viktig å jobbe vidare med rutiner slik at alle som arbeider løyser oppgåvene på same måte.
- Med bakgrunn i vedteke flyktingeplan for Nord- og Midt-Gudbrandsdal skal det

utarbeidast ein meir konkrete plan for MGF

- Det er ikkje nødvendig med fleire møter i prosjektgruppa.

-

4. Eventuelt

Neste møte i MGF blir 21. november kl 08.30 – innkalling blir sendt i outlook.

Vinstra 16. oktober 2018

Ingebjørg Teigmoen Bergum

Referent